

# F: \ APLAN \ REGULERING \ MEDALEN ReglMeda

## REGULERINGSREGLAR FOR REGULERINGSPLAN FOR MEDALEN

(Gjeve med heimel i Plan- og bygningslova § 26)

### Mål med reguleringsplanen

Reguleringsplanen skal sikre verneverdiar i det verna vassdraget Bøvra, samstundes som ein skal forebygge flaumskader og leggje til rette for kommersiell utnytting av masseførekomstar i vassdraget. I forvaltninga av vassdraget skal ein ta omsyne til fare for skader på og ulemper ved bruken av dyrka mark. Det er vidare eit mål at masseuttak over tid skal vere i balanse med dei mengdene vassdraget fører med seg.

### Reguleringsføremål

Området vert regulert til følgjande reguleringsføremål:

1. Spesialområdet naturvern, vassdrag (Snv)(Plan- og bygningslova §25, pkt 6).
2. Landbruksområde (L) (Plan- og bygningslova § 25, pkt 2).
3. Offentlege trafikkområde (Ot)(Plan- og bygningslova §25, pkt 3).
4. Fareområde, flaum (Ff) (Plan- og bygningslova §25, pkt 5).
5. Spesialområde flaumsikring (Sf) (Plan- og bygningslova §25, pkt 6).
6. Spesialområde masseuttak (Sm) (Plan- og bygningslova § 25, pkt 6).
7. Spesialområdet privat veg (Spv) (Plan- og bygningslova § 25, pkt 6).
8. Spesialområdet bevaring (Sb) (Plan- og bygningslova § 25, pkt 6).

### Reglar knyta til dei ulike arealbruksføremåla

#### **Spesialområde naturvern vassdrag 1 (Snv 1)**

1. Områda ligg i Bøvra sitt laup, og omfattar delar med heilårs vassføring og årviss flaumvassføring, samt tilvokse elveøyre.
2. Naturverninteressene i området er knyta til fluvilgeomorfologiske forhold, samt biologiske forhold i strandsona og på elveøyrene.
3. Innafor områda skal det ikkje skje massuttak utan etter § 9 i Lov om vassdragene. Eventuelle uttak skal skje i samråd med NVE.
4. Miljøvernstyresmaktene skal høyrast om uttak etter § 9, jf innlandsfiskelova.

#### **Spesialområde naturvern vassdrag 2 (Snv 2)**

Området gjeld djupålen i vassdraget. Djupålen kan bli renska slik at han held eit mest mogleg stabilt leie, med skrånande kant mot Sm1 og Sm2. Uttak skjer etter § 9 i Lov om vassdragene. Miljøvernstyresmaktene skal høyrast om uttak etter § 9, jf innlandsfiskelova.

#### **Landbruksområde (L)**

1. Områda omfattar jord- og skogbruksområde innafor planområdet.
2. Områda skal drivast etter reglane i jord- og skoglova.

### **Offentlege trafikkområde (Ot)**

Området er rv 55 med tilhøyrande trafikkareal og avkøyringar. Byggjegrensa langs riksveg 55 skal vere 50 meter. Avkøyrslar frå riksveg 55 skal opparbeidast og haldast i like i tråd med vegnormalane for Statens vegvesen og føresegnene til §43 i veglova. Frisikta i avkøyrslar skal vere 4x120 meter.

### **Fareområde flaum (Ff)**

1. Områda omfattar lågareliggjande jord- og skogbruksområde.
2. Områda skal drivast etter reglane i i jord- og skoglova, men det er forbod mot oppføring av bygningar eller anlegg. Unnatak er tiltak for flaumsikring.

### **Offentlege trafikkområde/ Spesialområde flaumsikring (Ot/Sf)**

Området gjeld den delen av rv 55 som og fungerer som flaumsikringstiltak. Tiltak eller endringar i vegtraseen må skje i samråd med grunneigarane og NVE, og på ein slik måte at effekten av flaumsikringstiltaka ikkje vert redusert.

Byggjegrensa langs riksveg 55 skal vere 50 meter. Avkøyrslar frå riksveg 55 skal opparbeidast og haldast i like i tråd med vegnormalane for Statens vegvesen og føresegnene til §43 i veglova. Frisikta i avkøyrslar skal vere 4x120 meter.

### **Spesialområde masseuttak 1 (Sm1)**

Området gjeld elveøyrer mellom Visa og Sula sine utlaup. **Innafor område kan det takast ut masse ned til eit nivå på frå kote 492 m.o.h. øvst i området til kote 482 m.o.h. nedst i området.** Uttak skal skje slik at det vert ein jamn fallgradient langs vassdraget sitt lengdeprofil, innafor dei gjevne nivågrensene. Grunneigar må syte for at det kvart år vert nivellert opp lengde- og tverrprofil, som skal oversendast NVE og Lom kommune.

Uttaka skal avsluttast mot elvebreidd og plangrenser med ein skråning på 1 : 5. Mot vegfyllingar og vassdragstekniske anlegg skal det vere eit uttaksfri sone på 5 meter. Oppmåling av lengdeprofil skal i tillegg til uttaksområde bli gjort 100 m oppstraums og nedstraums for dette. Oppmåling av tverrprofil skal skje med maksimal avstand mellom profila lik 100 m, og 50 meter oppstraums og nedstraums uttaksområdet. Uttak skal berre skje på låge vasstandar. Den som utfører tiltak i vassdrag er ansvarleg for eventuelle skadar og ulemper som følgje av tiltaket, jf reglane i vassdragsloven. Uttilsikta endringar i vassdraget som følgje av masseuttak eller andre forhold, kan medføre at planen vert teke opp til ny behandling.

### **Spesialområde masseuttak 2 (Sm2)**

Området gjeld elveøyrer mellom Sula sitt utlaup og Steinøye. **Innafor område kan det takast ut masse ned til eit nivå på frå kote 482 m.o.h. øvst i området til kote 479m.o.h. nedst i området.** Uttak skal skje slik at det vert ein jamn fallgradient langs vassdraget sitt lengdeprofil, innafor dei gjevne nivågrensene. Grunneigar må syte for at det kvart år vert nivellert opp lengde- og tverrprofil, som skal oversendast NVE og Lom kommune.

Uttaka skal avsluttast mot elvebreidd og plangrenser med ein skråning på 1 : 5. Mot vegfyllingar og vassdragstekniske anlegg skal det vere eit uttaksfri sone på 5 meter. Oppmåling av lengdeprofil skal i tillegg til uttaksområde bli gjort 100 m oppstraums og nedstraums for dette. Oppmåling av tverrprofil skal skje med maksimal avstand mellom profila lik 100 m, og 50 meter oppstraums og nedstraums uttaksområdet. Uttak skal berre skje på låge

vasstandar. Den som utfører tiltak i vassdrag er ansvarleg for eventuelle skadar og ulemper som følge av tiltaket, jf reglane i vassdragsloven. Utsikta endringar i vassdraget som følgje av masseuttak eller andre forhold, kan medføre at planen vert teke opp til ny behandling.

### **Spesialområde masseuttak 3 (Sm3)**

Områda er lager- og produksjonsplassar for sand- og grusmaterialer og foredla produkt av desse. Innafor områda kan det bli bygt bygningar og anlegg som er naudsynpte for produksjon og oppbevaring av maskiner og utstyr.

Massar, maskiner og utstyr skal lagrast på ein ryddig måte. Det bør bli etablert vegasjonsbelter rundt områda, som kan skjerme for innsyn.

### **Spesialområde flaumsikring (Sf)**

Områda omfattar eksisterande flaumsikringstiltak. Nye flaumsikringstiltak kan skje etter godkjent utbyggingsplan (bebyggelsesplan, plan og bygningslopa § 28-2). Utviding og nybygg skal skje etter NVE sine planar nr 2777, 6860, 2443, 4034, 6775, 2429, 6302, 7026 og 8988.

I utbyggingsplan skal det vere krav til vern og etablering av kantvegetasjon.

### **Spesialområdet privat veg (Spv)**

Området gjeld gardsvegar, driftsvegar i landbruket og andre driftsvegar m.v.

### **Spesialområdet bevaring 1(Sb1)**

Uppigard Sulheim som er eit freda gardstun. Området skal forvaltast etter kulturminnelova.

### **Spesialområdet bevaring 2(Sb2)**

I Spesialområde bevaring 2 ligg ein gravhaug frå jernalder. Gravhaugen er automatisk freda etter lov om kulturminne §§4 j, 6 og 8. Alle planlagde tiltak i spesialområdet skal leggast fram for kulturminnestyresmaktene i Oppland fylkeskommune for godkjenning. Dyrka mark i Spesialområde bevaring 2 kan framleis dyrkast dersom dyrkinga ikkje påfører gravhaugen skade. Kulturminnestyresmaktene kan likevel fatte særskilt vedtak som set vilkår for eller forbyr dyrking ved gravhaugen jf. lov om kulturminne § 3,2. Slikt vedtak følgjer forvaltningslova sine føresegner om enkeltvedtak.

### **Fareområde kraftliner (Fk)**

Restriksjonar i arealbruken følgjer av konsesjon gjeve etter reglane i energilova.